

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 29.03.2012

SAKLISTE

- 15/12 DELEGASJONSSAKER
- 16/12 SKRIV OG MELDINGAR
- 17/12 VAL AV MEDDOMMARAR TIL NORDHORDLAND TINGRETT 2013-2016
- 18/12 VAL AV FORLIKSÅRÅDSMEDLEMMER 2013-2016
- 19/12 VAL AV LAGRETTEMEDLEMMER/MEDDOMMARAR I GULATING LAGMANNSRETT 2013-2016
- 20/12 VAL AV SKJØNNSMENNISKANDIDATAR 2013-2016
- 21/12 VAL AV JORDSKIFTEMEDDOMMARAR TIL SUNNFJOR OG YTRE SOGN JORDSKIFTERETT
- 22/12 PLAN FOR KOMPETANSEUTVIKLING I GULEN KOMMUNE – RULLERING 2012-13
- 23/12 REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALE FOR NORDHORDLAND DIGITALT
- 24/12 GODKJENNING AV PLAN FOR GBNR. 15/201 EIVINDVIK/SOLLIBOTN HYTTEGREND. ENDRING AV REGULERINGSPLAN
- 25/12 FRAMLEGG FOR GODKJENNING PLAN FOR GBNR. 23/3 FLOLID VEST. REGULERINGSPLAN
- 26/12 ÅNNELAND VASSVERK - SPØRSMÅL OM KOMMUNAL OVERTAKING
- 27/12 HØYRING AV SØKNADER OG KONSEKVENSTREDNINGAR FOR VINDKRAFTANLEGG SANDØY, BROSVIKSÅTA OG DALSBOTNFJELLET

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. 10.00.

Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordfører

Vil du bli meddommar?

Gulen kommune skal oppnemne nye meddommarar til Nordhordland tingrett, Gulating lagmannsrett, Sunnfjord og Ytre Sogn jordskifterett og konfliktrådet i Gulen.

I tillegg skal vi komme med framlegg til skjønnsmedlemmar. Ny valperiode er frå 01.01.2013 – 31.12.2016.

For å vere meddommar må du:

- Ha røysterett og vere registrert som busett i Gulen kommune
- Vere mellom 21 og 70 år. Unntak: I forliksrådet må du vere over 25 år, for skjønnsmedlemmer er det inga øvre aldersgrense
- Vere personleg eigna
- Ha gode nok norskkunnskapar, både munnleg og skriftleg
- Ha plettfril vandel

Meir informasjon finn du på <http://www.domstol.no/lekdommer>

Dersom du tykkjer dette kan vere ei interessant oppgåve for deg, ta kontakt

innan 15.04.2012 per e-post:

postmottak@gulen.kommune.no eller per brev til Gulen kommune, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.

Brukarundersøking for heimetenesta

Kommunestyret har vedteke at det skal gjennomførast brukarundersøkingar. Dette skal gi oss eit inntrykk av korleis innbyggjarane opplever kvaliteten på tenestene som kommunen tilbyr.

No er turen kommen til heimetenestene innafor pleie- og omsorg. I desse dagar vil brukarane få utdelt eit skjema, som vi håpar alle vil fylle ut. Svara skal vere anonyme. Treng du hjelp til utfylling, må du be ein pårørande, ein venn eller ein nabo om å hjelpe deg. Utfylt skjema må leggest i konvolutt, som du lukkar. Tilsette i tenesta vil dele ut skjema, og hente dei att.

Plan-nytt

I dag pågår 23 arealplanar, blant anna følgjande:



Kommunedelplan for Sløvåg – Steine – Skipavik:

Nye opplysingar i saka vart vurdert. Framlegg for 2. gongs offentleg gjennomsyn er handsama i Formannskapsmøte 15.03.2012.

- **planforslag med endringar vert lagt ut på høyring med frist 18.05.2012.**

Kommunedelplan for Eivindvik:

Framlegg for 1. gongs offentleg gjennomsyn er handsama i Formannskapsmøte 15.03.2012.

- **planforslag vert lagt ut på høyring med frist 18.05.2012.**

Kommunedelplan, IKP Fensfjorden:

Planforslag for 1. gongs offentleg gjennomsyn vert godkjent for utlegging 17. mars – 28. april 2012.

Nærare informasjon på heimeside.

- **Folkemøte er planlagt på samfunnshuset Risnes, 21.04 kl. 19.00**
- **Referansegruppemøte 27.04 i Mongstad**

Kommunedelplan for Trafikktrygging:

Planarbeidet for planen pågår.

Kommuneplanen for Gulen kommune:

Administrasjonen utarbeidar planstrategi som blir utgangspunkt for rullering av samfunnsdelen og innskrenka arealdelen («kvite område i planen»).

→ **Presentasjon vert halde om kommunale planlegging i kommunestyremøte 29.03.2012.**

Reguleringsplanar:

* Godkjenning av plan for:

- Sollibotn hyttegrend, endring, HPU 02.03.2012
- Flolid hyttegrend vest, HPU 30.03.2012

* Planarbeid pågår:

- Bustadfelt, gbnr. 95/7, Byrknes
- Krekebærtua, gbnr. 94/5, Bremnes
- Kvernevågen, spreidd bygningar
- Vatsvik hytter, gbnr. 83/4, 5, endring
- Storevågsneset, gbnr. 75/4, 5, Brandanger
- Tausevågen, gbnr. 95/19+, Byrknesøy
- Ferjekai Oppedal

* Planoppstart for:

- Endring av reg.plan for Øvre Stølen I, II og III
- Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1, Nyborg

Teljing av hjort på innmark våren 2011 i Gulen kommune

Det er no 13 år sidan vi starta hjorteteljing på innmark i Gulen. Resultat frå tidlegare teljingar, finn du på heimesida til Gulen kommune under Næring -Fiske, fangst og havbruk.

Ei årleg teljing vil gi forvaltninga eit betre bilete av utviklinga til hjortestamma i åra framover og det vil styrke avgjerdsgrunnlaget ved tildeling av fellingsløyve.

Teljinga i år vil føregå som tidlegare, der ein deler kommunen inn i 11 teljeruter med passende lengde. Ein startar kl. 23.00 og køyrer langs rutene med bil, to personar i kvar bil. Ved hjelp av ein handhalden lyskastar lyser ein opp teigen, tel hjorten som beiter der og noterer dette på vedlagt skjema.

Ein nyttar offentlege vegar der ein kan. I nokre tilfelle vert det naudsynt å køyre på private vegar og kanskje inn på tunet til nokre av gardane for å kome til teigane med bil.

Teljinga vil i år føregå tre fredagskveldar, 13. april, 27. april og 11. mai.

Hjortejakta 2011

I førre infoskriv vart det ved ein feiltaking skrivne feil tal i resultat frå hjortejakta 2011. Nedanfor finn ein dei riktige tala.

Hjortejakta i Gulen kommune						
År	2011	2010	2005	2000	1995	1985
Kvote	755	710	520	503	313	277
Felte dyr	stk.	670	628	433	252	181
	%	88,7	88,4	83	82,3	80,5

Skada vilt



Viltforvaltninga i kommunen har ansvaret for ettersøk og avliving av skada vilt. Det gjeld ikkje berre trafikkskada hjortevilt, men også anna vilt som er skada. Fjerning av hjortekadaver er grunneigar sitt ansvar. Ligg kadaveret på Statens Vegvesen sin grunn, ring tlf. 175. Gulen kommune skal alltid ha melding om funn av kadaver.

Gulen kommune fekk i 2001 ein avtale med Gulen Ettersøkslag som rykkjer ut med ekvipasje etter oppmoding frå politiet, viltansvarleg eller tredjeperson. Gulen kommune har gjeve Gulen Ettersøkslag ein generell dispensasjon for bruk av kunstig lys og bruk av motorkøyrety ved ettersøk og avliving av skada vilt.

Etter ein kollisjon spring ofte dyret sin veg, sjølv om det er hardt skadd. Då er det viktig med nøyaktig merking av staden der uhellet skjedde og gje melding så snart som råd er, slik at ettersøkshunden får gode arbeidstilhøve. Dersom uhellet er ute, kontaktar du Hordaland Politidistriktet, tlf. 02800 eller Gulen, Masfjorden og Solund lensmannsdistrikt, tlf. 57 78 13 00.

Kulturmidlar for 2012

Kulturkonsulenten minnar om at fristen for å søkje kulturmidlar for 2012 er **31.03.2012**.

Det kan søkjast midlar til:

- Kulturtiltak for born og unge
- Kulturmidlar til ålmenne kulturtiltak

For meir informasjon om kulturmidlane, sjå kommunen si heimeside.

Har du ledig husvære?



Ved tilsetjing i kommunen er det ofte ei utfordring for dei tilsette å skaffe seg husvære. Dette gjeld særskild for ferievikarar om sommaren, men også gjennom heile året. Vi ynskjer derfor få eit oversyn over dei som har ledige rom/ hyblar/ leiligheiter/ hytter som kunne tenke seg å leige dette ut for kortare eller lengre periodar.

Vi har spesielt store utfordringar i sone Eivindvik ved ferieavvikling i sommar veke 25 – 31.

Har du høve til å leige ut husvære for kortare/ lengre periodar i heile kommunen, kan du melde dette inn til leiar løn og personal, Mona Molland, e-post: mona.molland@gulen.kommune.no, tlf 57 78 20 25.

Gulen kommune har no innført elektronisk søknadsskjema ved søknad på ledige stillingar

Søklarane finn link til søknadsskjema på heimesida under «Ledige stillingar» og på kvar utlysing. Søklarane opprettar eigen brukarprofil i basen, med passord, og kan på denne måten både mellomlagre søknad før innsending, og lagre søknaden i basen for seinare bruk. Når ein fyller inn opplysningane om seg sjølv, vil ein få ein ferdig oppsett søknad til slutt, så ein treng ikkje tenke på korleis ein skal setje opp søknaden. Ein får også kvittering når søknaden er korrekt sendt.

NB! Alle må fylle ut fullstendige opplysningar i den elektroniske søknaden, sjølv om dei tidlegare har sendt inn for eksempel CV til kommunen.

For råd og rettleiing/tilgang til pc, ta kontakt på telefon 57 78 20 00 eller personalavdelinga telefon 57 78 20 25 eller 57 78 20 28.

Kvifor er demensutredning viktig?

- Utelukke andre sjukdommar som har demensliknande symptom
- Vurdering av medisinar
- Legge til rette heimesituasjonen for personar med demens og pårørande
- Sette i gang tiltak til rett tid

Demenssteamet i Gulen kommune
tlf. 416 10 972 eller 957 02 551
frå måndag til fredag
kl. 12.00 - 16.00.



Oppmoding til lag og organisasjonar

Gulen kommune oppmodar lag og organisasjonar som er registrerte på kommunen si heimeside om å legge inn oppdatert informasjon dersom det er endringar i desse.

Skule- og barnehagerute 2012-2013

Hovudutval for oppvekst har fastsett ferie- og fridager for skulen, og planleggjingsdagar for barnehagane for skule-år 2012/2013

Du kan finne heile ruta på heimesida for eksempel A til Å – Skule- og barnehagerute

Vårrydding i Gulen



Laurdag 5. mai: Byrknes, Brekke, Oppedal, Kringla, Gulen nord for tunnel v/ Leversund bru, Leversund - Austgulen.

Laurdag 12. mai: Gulen sør for tunnel v/ Leversund bru, Ynnesdalen, Masfjorden unnateke Andvik – Andås.

Sorter avfallet og set det ut før kl. 07.00 der du vanlegvis set ut dunkane dine. Ver snill og fjerna ting som ligg lagra i nærleiken som ikkje skal hivast, så slepp me vera i tvil og kasta ting du har bruk for. Samle småting i øskjer.

Dette kan du levera på vårrydderutene:

- Metall
- Reint trevirke
- Klede
- Møblar
- Hageavfall
- Elektrisk og elektronisk (EE) avfall

Dette kan du **ikkje** levera:

- Farleg avfall
- Større mengder byggings- og rivingsmateriell Glas- og metallemballasje
- Bilmotorar og bildekk
- Isolerglas, eternit og trykkimpregnert trevirke

(www.ngir.no)

Hjorten vår

Hjortebestanden i Gulen har auka jamt og trutt. I 2011 vart det felt 670 dyr i kommunen, - ca. 200 fleire enn for 5 år sidan. Hjorten er for nokon eit problem, for andre ein ressurs. Han er eit flott dyr å sjå ute i naturen, men kan skape farlege trafikksituasjonar når han kryssar vegane våre. Det har vore drive mykje forskning på korleis hjorten lever og ferdast ute i naturen.

Hjortebestanden må forvaltast på ein måte som gjer at han er livskraftig, og ikkje gjer for stor skade på skog og dyrka mark.

Etter kvart tek ein til å få mykje kunnskap om dette. Frå 15. februar 2012 kom det ny forskrift om forvaltning av hjortevilt. I den er opna for at ein kan ta i bruk den kunnskapen som ein no har.

Jaktretten er framleis grunneigaren sin suverene rett, så ein er avhengig av samarbeid for å kunne forvalte hjortestammen ut frå det ein veit i dag. Det er ein ting at vi skaut 670 dyr i fjor, men skaut vi dei rette dyra? Tok vi ut dei svakaste? Tok vi ut nok hodyr? 40 % eller 60 % hodyr av 670 har mykje å seie for kor mange kalvar som kjem til dei neste åra.

Det vil i langt større grad vere mogeleg å styre hjortebestanden i den lei vi vil gjennom samarbeid mellom grunneigarar, vald og kommunar. Dette er det opna for i den nye forskrifta.

Gulen hjorteutval - grunneigarane sin organisasjon og kommunen sitt rådgjevande organ i viltforvaltningssaker - vil difor rå gulingane til å tenkje samarbeid innan hjorteforvaltninga.

Kunnskap skaffar ein seg for å bruke. Ta i bruk den kunnskapen ein no har om hjorten.

Gulen Hjorteutval
Normann Grimen

NB! Årsmøtet i Gulen Hjorteutval vert halde på Oppdalsøyra 10. mai kl. 20.00. Meir informasjon vert sendt ut seinare.